



Lindås Bygdelag og Lindås Pensjonistlag  
Kolåsvegen 134  
5955 LINDÅS  
Att. Leder Guri Espe og Leder Kåre Bastesen



Kopi: Lindås kommune

**Vår ref.:** 2015/12222-12

**Dykkar ref.:**

**Bergen, 12.04.2016**

## Bussruter i Nordhordland over Lindås

Vi viser til dykkar brev av 8. mars 2016 om bussruter i Nordhordland over Lindås.

Busstilbodet i Nordhordland skal lysast ut på nytt anbud, med oppstart sommaren 2018. I førebuinga til anbuds konkurransen er Skyss i gang med å utarbeide ein trafikkplan for området. Denne skal gje overordna føringar for rutetilbodet og danne grunnlag for detaljeringa i konkurransegrunnlaget.

Som del av arbeidet med trafikkplanen har vi bede kommunane om innspel om planar og prioriteringar kring kollektivtilbodet, der kommunane sjølv legg til rette for ønska medverknad frå ulike råd, utval og interesseorganisasjonar i kommunen. Vi legg ved brevet som er sendt til kommunane til informasjon.

Av omsyn til prosessen ber vi difor om at innspel frå Lindås Bygdelag og Lindås Pensjonistlag om busstilbodet vert formidla til kommunen, som igjen kan ta dette med som del av si samla prioritering og tilbakemelding til Skyss.

Med venleg helsing,  
Målfrid Vik Sønstabø  
leiar avdeling trafikktilbod

Vigdis Robak Bjørge  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.